

Møteinnkalling

Utval:	Valnemnda
Møtestad:	Hotel Norge by Scandic, Bergen
Dato:	15.10.2019
Tid:	Kl. 13:15

Møtet fortsett onsdag 16. oktober kl. 9.00

Program

Tysdag 15. oktober

Kl. 13.15 – 15.00 Opning, saksbehandling

Onsdag 16. oktober

Kl. 9.00 – 12.00 Saksbehandling

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Politisk@vlfk.no

Innkallinga gjeld valde medlemer i Valnemnda. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
leiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
	Godkjenningssaker		
GK 1/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 1/19	Val til folkevalde organ. Valbolken 2019-2023.	2019/10	
PS 2/19	KS-Val til Landstinget og Fylkesmøtet for perioden 2019-2023	2019/11	
PS 3/19	Val av representantar til Vestlandsrådet	2019/15	

Godkjenningssaker

GK 1/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksnr: 2019/10-5
Saksbehandlar: Sigrid Aardal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	1/19	15.10.2019
Fylkestinget	8/19	15.10.2019

Val til folkevalde organ. Valbolken 2019-2023.**Forslag til innstilling**

Fylkestinget gjer slike val av medlemmer og varamedlemmer til følgjande organ:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Medlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.
- 8.
- 9.
- 10
- 11.
- 12.
- 13.
- 14.
- 15.

Varamedlemmer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
-
- 1.
- 2.
- 3.
-
- 1.
- 2.
-

Leiar:
Nestleiar:

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

Medlemer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.
- 8.
- 9.
- 10
- 11.
- 12.
- 13.
- 14.
- 15.

Varamedlemer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
-
- 1.
- 2.
- 3.
-
- 1.
- 2.
-

Leiar:

Nestleiar:

Hovudutval for opplæring og kompetanse.

Medlemer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.
- 8.
- 9.
- 10
- 11.
- 12.
- 13.
- 14.
- 15.

Varamedlemer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

-

- 1.
- 2.
- 3.

-

- 1.
- 2.

-

Leiar:

Nestleiar:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Medlemer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.
- 8.
- 9.
- 10
- 11.
- 12.
- 13.
- 14.
- 15.

Varamedlemmer

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.

-

- 1.
- 2.
- 3.

-

- 1.
- 2.

-

Leiar:

Nestleiar:

Planutvalet

Fylkesutvalet sine medlemer og varamedlemer er valde.

Finansutval

Fylkesutvalet sine medlemmer og varamedlemmer er valde.

Administrasjonsutvalet

Arbeidsgjevarrepresentantar

- 1.
- 2.
- 3.
- 5.
- 6.

Tilsettere representantar

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Varamedlemmer

Arbeidstakarrepresentantar

- 1.
- 2.
- 3.

-

- 1.
- 2.

-

Tilsettere representantar (personlege varamedlemmer)

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Leiar:

Nestleiar:

Fylkesvalstyret

Fylkesutvalet sine medlemmer og varamedlemmer er valde.

Klagenemnda

Medlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.
- 6.
- 7.

Varamedlemmer:

- 1.

2.

3.

-

1.

2.

3.

-

1.

2.

3.

-

Leiar:

Nestleiar:

Trafikktryggingutvalet

Medlemer.

1.

2.

3.

4.

5.

6.

7.

Varamedlemer:

1.

2.

3.

-

1.

2.

3.

-

1.

2.

3.

-

Leiar:

Nestleiar:

Fylkeseldrerådet

Medlemer frå fylkestinget:

1.

2.

Etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer eldre.

3.

4.

5.

6.

7.

8.

Varamedlemer (personlege varamedlemer):

1.

2.

3.

4.

5.

6.

7.

8.

9.

9.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Medlemer frå fylkestinget:

1.
2.
3.
4.

Varamedlemer (personlege varamedlemer):

1.
2.
3.
4.

Etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

5.
6.
7.
8.
9.

5.
6.
7.
8.
9.

Samandrag

Fylkestinget har valt ei valnemnd for Vestland fylkeskommune. Av vedteke reglementet for valnemnda følger at valnemnda skal gje innstilling til fylkestinget i valsaker.

Medlemer og varamedlemer i fylkeskommunale nemnder og utval bør veljast i det konstituerande møtet i fylkestinget, jfr. lov av 22.juni 2018 nr.83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 7-1 3.ledd.

Når det gjeld samansetjing av dei ulike folkevalde organa vert desse fyrst vedteke av fylkestinget 15.oktober i sak om «Reglement for folkevalde organ»

I denne saka er det innstillinga frå fellesnemnda som er lagt til grunn når talet på medlemmer i dei ulike utvala er sett opp. Dersom det ved behandlinga av sak om «Reglement for folkevalde organ og delegering» vert gjort vedtak som avvik frå fellesnemnda si innstilling må dette takst omsyn til når val vert gjort.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bertil Sjøfteland
leder fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Vedlegg: Rettsreglar, kommunelova av 22.juni 2018 nr. 83.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.juni 2018 nr.83, (kommunelova) er det fastsett reglar om kven som er valfør og har plikt til å ta i mot val, om forholdsval, fleirtalsval og avtaleval. Eit utval av rettsreglane som gjeld val i kommunelova av 22.juni 2018 nr.83 føl som vedlegg til saka.

Fylkestinget har i dette konstituerande møte behandla sak om «Reglement for folkevalde organ og delegering» og i den saka er det vedteke talet på representantar som skal veljast til dei ulike organa. I denne føreliggjande saka har ein teke utgangspunkt i innstillinga som ligg føre frå fellesnemnda då endeleg fastsetjing av tal på medlemmer først vil verta vedteke av fylkestinget på det konstituerande møte. Når denne valsaka vert behandla har fylkestinget gjort vedtak i sak om «Reglement for folkevalde organ og delegering». Dersom vedtaket i den saka ikkje er i samsvar med innstillinga frå fellesnemnda må ein justera for dette i denne saka.

Kommunaldepartementet har i rundskriv 4/19 – «Rundskriv om konstituerande møte i kommunestyre og fylkesting – rettleiing av val til folkevalde organ med meir» presisert følgjande om avtaleval og forholdsval: Om avtaleval skriv departementet m.a.:

Kva metode skal nyttast

«Val av medlemmer til folkevalde organ skal skje som forholdsval når minst ein medlem krev det, jf. kommunelova § 7-4 første ledd. I andre tilfelle skjer valet om avtaleval. Fleirtalet kan såleis ikkje avvise eit krav om forholdsval. For val av formannskap følgjer dette også av § 5-6 andre ledd andre punktum.

Alle medlemmer av folkevalde organ har ein rett og ei plikt til å røyste, jf. § 8-1 første ledd, men § 8-1 andre ledd andre punktum opnar opp for at det er høve til røyste blankt ved val og vedtak om tilsetjing.

Avtaleval

Ved avtaleval er framgangsmåten avhengig av oppslutnad frå ei *samrøystes* forsamling. Dette gjeld både framlegget over kandidatar, og at valet skal skje som avtaleval.

Det blir lagd fram ei innstilling med namn på kandidatane som organet skal slutte seg til. Dette kan for eksempel gjennomførast på den måten at eit valutval, som kan vere sett ned av kommunestyret, legg fram ei innstilling til personsamansetninga i det organet det skal veljast medlemmer til. Framlegget kan også vere laga på bakgrunn av ein avtale mellom gruppene i det organet som skal velje medlemmer, der ein for eksempel legg til grunn at ei gruppe får ein representasjon som svarer til prinsippet om høveleg representasjon. Det betyr at plassane i organet skal fordelast ut ifrå samansetninga i det organet som vel medlemmer, og fordelinga mellom gruppene blir omtrent det same i begge organ.

Innstillinga frå valutvalet skal splittast opp, slik at ein nemner medlemmer og varamedlemmer frå kvart parti eller kvar gruppe, med parti- eller gruppenemning. Varamedlemene blir dermed ikkje varamedlemmer for andre enn dei faste medlemene frå vedkomande gruppe, og det er ikkje høve til å opprette ei felles liste over varamedlemmer.

Ved avtaleval stiller kommunelova § 7-7 tredje ledd krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn blant dei medlemene som blir valde når ein ser på organet under eitt. Dette inneber at dersom organet skal ha fire medlemmer eller fleire, så må kvart kjønn vere representert i organet med minst 40 prosent. Dersom organet har tre eller færre medlemmer, så skal kvart kjønn vere representert.»

Forholdstalsval

Listeframlegg

«Valet skjer på grunnlag av lister med framlegg til kandidatar, jf. kommunelova § 7-5 første ledd. Lova set ingen frist for innlevering av listeframlegg. Dette inneber at listeframlegg kan leggjast fram heilt til røystingstidspunktet.

Det er berre dei partia eller grupperingane som er representerte i det organet som vel medlemmer (for eksempel kommunestyret) som har rett til å stille liste. Eit parti eller ei gruppering kan berre levere inn eitt listeframlegg. Dersom det blir lagt fram to ulike listeframlegg som begge inneheld kandidatar frå same parti/gruppering, kan berre eitt av dei bli godkjent.

Det er det einskilde partiet eller den einskilde grupperinga som sjølv må ta stilling til kva for eit framlegg som skal gjelde. Ved intern usemje vil det vere det alternativet som får størst oppslutning i partiet/gruppa som blir partiet/gruppa sitt offisielle listeframlegg. I utgangspunktet har alle medlemene som er valde inn på lista, rett til å ta del i avgjerda om korleis partiet/grupperinga sitt listeframlegg skal sjå ut. Personar som har meldt seg ut av partiet eller som er blitt ekskluderte, vil likevel ikkje ha rett til å ta del i denne prosessen. Medlemmer av organet som ikkje lenger representerer eit parti eller ei gruppering, vil i høve til desse føresegnene bli sett på som ei ny gruppering (eventuelt fleire grupperingar), og kan derfor stille eigne listeframlegg.

Kandidatar frå eit parti eller ei gruppering kan berre bli ført opp på listeframlegg som blir levert inn av dette partiet eller denne grupperinga, eventuelt på ei fellesliste som blir levert inn av fleire parti eller grupperingar.

Kommunelova inneheld ikkje noko krav om overskrift på listeframlegget. Etter departementet si oppfatning bør likevel lista ha ei overskrift som viser kva for gruppering(ar) som står bak framlegget.

Kvar liste kan innehalde inntil dobbelt så mange forskjellige namn som det skal veljast medlemmer til organet. Dette inneber at det ikkje er høve til å kumulere kandidatar.

Til skilnad frå det som gjeld ved avtaleval, er det ikkje noko krav til kjønnsbalanse for organet som heilskap. Ved forholdsval er det berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. I § 7-5 andre ledd heiter det at dersom det skal veljast fire medlemmer eller fleire, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent blant kandidatane på den einskilde lista. Dersom det skal veljast to eller tre medlemmer, skal begge kjønn vere representert.

Det vil vere talet på medlemene i det einskilde organet som avgjer kor mange frå kvart kjønn som skal førast opp på listeframlegga. Ved val av formannskap, som etter lova berre skal bestå av medlemmer av kommunestyret, skal reglane om kjønnsmessig representasjon følgjast så langt det er mogleg. Kravet til kjønnsmessig representasjon på listeframlegga gjeld altså ikkje absolutt ved val til for eksempel formannskap eller arbeidsutval. Dei som legg fram listeframlegga plikter likevel å oppfylle kravet om kjønnsrepresentasjon så langt det er mogleg også ved desse vala.

Krava i lova om at begge kjønn skal vere representert gjeld i dei tilfella der det finst kandidatar frå begge kjønn. Dersom det skal veljast sju medlemmer, må listeframlegget innehalde minst tre menn og tre kvinner blant kandidatane. Dette vil ikkje vere mogleg dersom partiet/gruppa består av åtte menn og to kvinner, og ein berre kan velje blant dei ti personane på grunn av krav om gjennomgåande representasjon. Ettersom føresegna skal følgjast så langt det er mogleg, vil listeframlegget måtte innehalde fem menn og to kvinner.

Listeframlegget skal vere underskrive av minst éin medlem av det partiet eller den grupperinga som står bak listeframlegget. Ved ei fellesliste må listeframlegget vere underskrive av minst éin representant for kvart parti/kvar gruppering som står bak listeframlegget. Den eller dei som skriv under må vere medlem av organet som vel. Det er berre høve til å skrive under på eitt listeframlegg, og ingen kan som nemnd vere kandidat på meir enn éi liste.

Departementet meiner at møteleiaren bør informere om dei føresegnene som gjeld for valet. Dersom ein medlem av organet ber om at møteleiaren gjev slik informasjon, har møteleiaren plikt til å følgje oppmodinga. Departementet meiner dette må følgje av dei vanlege prinsippa for møteleiing.

Møteleiaren har ansvaret for at listene er i samsvar med lova, og skal gjere dei som står bak framlegga oppmerksame på eventuelle manglar ved framlegga. Blir desse ikkje retta, må møteleiaren avvise framlegget. Dersom nokon protesterer mot avgjerdene til møteleiaren, skal forsamlinga avgjere spørsmålet med alminneleg flertal.

Sjølve valet

Røystinga skal skje med bruk av røystesettlar. Det er ikkje høve til å føre opp kandidatar frå andre lister, og det er heller ikkje lov til å stryke kandidatar eller endre rekkefølga på kandidatane. Dette er endra i den nye kommunelova.

Valoppgjeret blir gjort av den forsamlinga som gjennomfører valet, og det vil seie av kommunestyret ved val av formannskapet og dei fleste utval. Føresegnene om oppgjeret er i § 7-6. Oppteljinga går føre seg ved at ein registrerer kor mange røyster den einskilde lista har fått.»

Rundskrivet H 4/19 frå departementet ligg som meldingssak til dette møtet.

Folkevalde organ som skal velgjast

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

I følgje innstilling frå fellesnemnda til fylkestinget skal utvalet ha 15 medlemmer.

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.

I følgje innstilling frå fellesnemnda til fylkestinget skal utvalet ha 15 medlemmer.

Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha 15 medlemmer.

I følgje innstilling frå fellesnemnda til fylkestinget skal utvalet ha 15 medlemmer.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet.

I følgje innstilling frå fellesnemnda til fylkestinget skal utvalet ha 15 medlemmer.

For alle dei fire utvala gjeld følgjande:

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemmene og varamedlemmene skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer.

Alle medlemmene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførarar skal og vere medlem i eit hovudutval.

Medlem i hovudutval som og sitt i fylkesutvalet kan ikkje bli vald som leiar av utvalet.

Planutvalet

Planutvalet sine medlemmer og varamedlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Hovudutvalsleiarane er konsultative medlemmer av planutvalet.

Finansutvalet

Finansutvalet sine medlemmer og varamedlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei parti som ikkje er representerte i fylkesutvalet, er konsultative medlemmer.

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har 11 medlemmer, kor 6 av dei representerer arbeidsgjevar og kor 5 representerer dei tilsette.

Arbeidsgjevarrepresentantane med varamedlemmer vert valde mellom medlemmer og varamedlemmer i fylkesutvalet. Fem medlemmer med personlege varamedlemmer vert valde av og mellom dei tilsette. For dei tilsette sine representantar gjeld reglane i komml. §§ 7-2 og 7-3, med unntak av krav om bustad.

Leiar og nestleiar av administrasjonsutvalet vert valde av fylkestinget. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar kan veljast som leiar.

Fylkesvalstyret

Fylkesvalstyret sine medlemmer er personsamanfallande med fylkesutvalet i Vestland. Fylkesordførar er leiar. Fylkesvaraordførar er nestleiar.

Klagenemnda

Klagenemnda har sju medlemmer med varamedlem valde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Av habilitetsomsyn bør ikkje medlemmer i fylkesutvalet og utval med avgjerdsmynde i enkeltsaker veljast til klagenemnd.

Trafikktryggingsutvalet

Utvalet skal ha sju medlemmer kor fire av medlemene skal vere frå utval for samferdsel og mobilitet, og tre av medlemene skal vere frå kvart av dei andre hovudutvala.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Utvalsleiar for samferdsel og mobilitet skal vere leiar av trafikktryggingsutvalet.

I tillegg til dei valde medlemene i møte deltek følgjande representantar frå institusjonar som konsultative medlem:

- Vestland politidistrikt
- Fylkesmannen i Vestland
- Trygg Trafikk
- Fylkeskommunens administrasjon
- Utrykningspolitiet
- Statens vegvesen
- Skyss/Kringom
- Autoriserte trafikkskolers landsforbund (ATL)

Fylkeseldrerådet

Rådet skal ha ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. To av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og sju medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar og andre organisasjonar som representerer eldre. Fleirtalet av medlemene i fylkeseldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom medlemene.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet skal ha ni medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Fire av medlemene skal vere fylkestingsrepresentantar og fem medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne peikar sjølv ut leiar og nestleiar

Varamedlemmer.

Kommunelova regulerer ikkje kor mange varamedlemmer det skal veljast, med unntak av at det i komml. § 7-6, siste ledd om valoppgjjer ved forholdsval er sagt følgjande:

«Hver liste skal tildeles varamedlemmer. Så langt det er mulig, skal det være to flere varamedlemmer enn faste medlemmer. Varamedlemsplassene fordeles i samsvar med andre og tredje ledd.»

Når val vert gjort må det for alle utvala og velgjast tal på varamedlemmer for kvart parti/fellesliste. Det bør velgjast minst 2 fleire varamedlemmer enn talet på faste medlemmer.

Valsaker til behandling seinare.

Val om medlemmer til Yrkesopplæringsnemnda, fylkesting for ungdom og fagskulestyre vert ikkje teke med i denne saka. Desse vala vil verta gjennomført seinare og fortrinnsvis i fylkestinget sitt møte i desember.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget etter innstilling frå valnemnda. Komm. Kap.7. og «Reglement for folkevalde organ og delegering.»

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ingen direkte verknad.

Klima: Ingen direkte verknad.

Folkehelse: Ingen direkte verknad.

Regional planstrategi: Ingen direkte merknad.

Saksnr: 2019/11-1
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	2/19	15.10.2019
Fylkestinget	9/19	15.10.2019

KS-Val til Landstinget og Fylkesmøtet for perioden 2019-2023**Forslag til innstilling**

1. Følgjande blir valde som delegatar og varadelegatar til Landstinget i KS for perioden 2019-2023:
2. Følgjande blir valde som representantar og vararepresentantar til Fylkesmøtet i KS for perioden 2019-2023:

Samandrag

Etter vedtekter frå KS (Kommunesektorens organisasjon) skal fylkestinget innan oktober månad det året fylkestingsvalget er halde, velja delegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet for valperioden 2019-2023. Det skal veljast 8 delegatar til Landstinget og 17 representantar til Fylkesmøtet, inkludert fylkesordføraren.

Rune Haugsdal
prosjektleder

Bertil Søfteland
leder fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter vedtekene for KS skal fylkestinget velja delegatar og varadelegatar til Landstinget og representantar til Fylkesmøtet. Valet gjeld for 4 årsperioden.

Det kan krevjast forholdsval til KS-organ. Ved alle val til KS-organ, lokalt eller sentralt, skal kvart kjønn vera representert med minst 40 % av medlemene.

Ifølge opplysningar frå Statistisk sentralbyrå, befolkningsprofil, var innbyggartalet for Hordaland fylkeskommune pr. 01.01.2019: 524 494 innbyggjarar. Innbyggartalet for Sogn og Fjordane var pr. 01.01.2019, 109 774 innbyggjarar. Dette vert til saman 634 269 innbyggjarar.

1.Landstingsdelegatar:

Fylkeskommunen sine landstingsdelegatar og varadelegatar blir valde for fire år, innan utgangen av oktober månad det året fylkestingsvalet vert halde. Kvar fylkeskommune vel delegatar etter ein skala basert på folketallet pr. 1.1. i valåret. Ved 150.001 eller fleire innbyggjarar skal fylkeskommunen ha fire delagatar.

Det bør veljast like mange vararepresentantar med tillegg av to for kvart parti/gruppering, jfr. vedtektene for KS. § 4.

Landsting i 2020 vert halde i Oslo den 10.-12. februar 2020.

2.Fylkesmøtet:

Fylkeskommunen sine representantar består av fylkesordføraren og 16 fylkestingsmedlemer, Jfr. Vedtekter for KS § 10. Det bør veljast like mange vararepresentantar som representantar samt to ekstra for kvart parti/gruppering.

Konstituerande fylkesmøte i KS Hordaland vil finne stad på Quality Hotel Edvard Grieg, Bergen, den 13.-14. november 2019.

3.Rettsleg grunnlag

Det går fram av vedtektene til KS § 4.3 som gjeld val av landstingsrepresentantar:

«Fylkeskommunens landstingsdelegatar med varadelegatar velges blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene for landtingsperioden innen utgangen av oktober måned det år fylkestingsvalget er holdt, j.fr. § 17 nr. 1 i kommuneloven. Hver fylkeskommune velger delegater etter samlede innbyggertall i fylket pr. 1.1. i valgåret, etter følgende skala.»

For 600 001 til 700 000 innbyggere – 8 delegater.

Det går fram av vedtektene til KS § 10.12 som gjeld fylkesmøtet:

«Hver fylkeskommune velger representanter med varamedlemmer til Fylkesmøtet blant Fylkestingets representanter og Fylkesrådene på bakgrunn av folketallet pr. 1.1. det år val til fylkesting avholdes, etter følgende skala:

For 600 001 til 700 000 innbyggere - 17 delegater.»

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Jfr. Reglement for Vestland fylkesting punkt 2.4.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Noko effekt. Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjetta.

Klima: Ingen direkte verknad.

Folkehelse: Ingen direkte verknad.

Regional planstrategi: Ingen direkte verknad.

Konklusjon

Slike val må gjerast.

Saksnr: 2019/15-2
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Valnemnda	3/19	15.10.2019
Fylkestinget	12/19	15.10.2019

Val av representantar til Vestlandsrådet**Forslag til vedtak**

Fylkestinget gjer slikt val av representantar til Vestlandsrådet:

1. Fylkesordførar
2. Fylkesvaraordførar
3. Medlem:
4. Medlem:
5. Medlem:
6. Medlem:
7. Varamedlem:
8. Varamedlem:
9. Varamedlem:
10. Varamedlem:

Samandrag

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Vestland fylkestinget skal handsame ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet, gjeldande frå 1.1.2020, som følgje av samanslåinga at mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, samt iverksetting av ny kommunelov med nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Det vert med dette lagt fram sak om val av representantar frå Vestland fylkesting til Vestlandsrådet.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

Vestland fylkestinget skal handsame ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet, gjeldande frå 1.1.2020, som følgje av samanslåinga at mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane og Hordaland, samt iverksetting av ny kommunelov med nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Det vert med dette lagt fram sak om val av representantar frå Vestland fylkesting til Vestlandsrådet.

Prosjektlear viser elles til formelle ramme og regler for val til folkevalde organ som er gjort greie for i sak til valnemnda om «Val til folkevalde organ for Vestland fylkeskommune for perioden 2019-2023».

Samansetjing av Vestlandsrådet

Den nye samarbeidsavtalen omtalar samansetjinga av Vestlandsrådet på følgjande måte:

«§ 3 Samansetting

Vestlandsrådet har 6 medlemmer med varamedlemmer frå kvar av dei tre deltakande fylkeskommunane. Desse vert valde for valperioden av og frå fylkestinget sine medlemmer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vera medlem av rådet.

Den einskilde fylkeskommune har høve til å skifta ut medlemmer og varamedlemmer i løpet av valperioden. Nyval skjer då for resten av perioden.

Vestlandsrådets medlemmer er representantskap etter § 18-3 i kommunelova.

Storbyane Bergen og Stavanger har høve til å møte som observatørar med talerett.»

Forslag til samarbeidsavtale for Vestlandsrådet er vedlagt saka.

Samarbeidsavtale for Vestlandsrådet

Gjeld frå 1. januar 2020

§ 1 Generelt

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet.

Samarbeidet er oppretta av og vert drive av Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.

Vestlandsrådet er oppretta i medhald av kapitel 18 i kommunelova. Kommunelova og anna relevant regelverk som gjeld for fylkeskommunane gjeld og for alt arbeid knytta til rådet.

Vestlandsrådet er ikkje ei sjølvstendig juridisk eining.

Mandatet til Vestlandsrådet er regulert gjennom denne samarbeidsavtalen og ved overført mynde frå fylkestinga i dei deltakingande fylkeskommunane.

Samarbeidsavtalen legg vekt på det politiske samarbeidet og skal styrke den politiske leiarskapen i rådet.

Arbeidet i Vestlandsrådet skal byggje på rausheit, respekt for kvarande sine særpreg og ei positiv innstilling til samarbeid.

Medlemsfylka pliktar å setta av administrative ressursar for å følgja opp dei vedtaka Vestlandsrådet gjer.

Samarbeid om enkeltprosjekt skal som hovudregel gjennomførast i regi av to eller fleire av medlemsfylka.

I tillegg til det som er regulert gjennom samarbeidsavtalen, er fylka samde om følgjande køyrereglar for samarbeidet:

- Medlemsfylka forpliktar seg til å informere rådet om saker som kan vere av felles interesse.
- Medlemsfylka skal vere opne for samarbeid med andre fylke utanom Vestlandsrådet i saker der dette fell naturleg.

§ 2 Føremål

Dei tre fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet:

- styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt
- koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde
- fremje andre politiske saker av felles interesse
- aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka
- skape samhandlingsarenaer på Vestlandet
- ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene

§ 3 Samansetting

Vestlandsrådet har 6 medlemmer med varamedlemmer frå kvar av dei tre deltakande fylkeskommunane. Desse vert valde for valperioden av og frå fylkestinget sine medlemmer. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar skal vera medlem av rådet.

Den einskilde fylkeskommune har høve til å skifta ut medlemmer og varamedlemmer i løpet av valperioden. Nyval skjer då for resten av perioden.

Vestlandsrådets medlemmer er representantskap etter § 18-3 i kommunelova.

Storbyane Bergen og Stavanger har høve til å møta som observatørar med talerett.

§ 4 Leing

Leiarvervet skal alternera mellom fylkesordførarane i dei deltakande fylkeskommunane med periodar på eitt år om gangen.

Rådet kan avvike dette dersom det er særlege grunnar, t.d. for å tilpasse leiarskapen fylkestingsval.

Fylkesvaraordføraren i neste leiarskapsfylke er nestleiar for rådet.

§ 5 Arbeidsutval

Dei tre fylkesordførarane er arbeidsutval (AU) for rådet.

AU skal vera eit organ som set den politiske dagsorden og som tek avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig.

Rådet kan delegera til AU å fatta vedtak.

Møta i AU kan haldast via telefon/videokonferanse dersom det ikkje er høveleg å møtast fysisk.

§ 6 Sekretariat

Fylkesdirektøren i den fylkeskommunen som til ei kvar tid har leiarvervet

- har innstillingsrett til rådet
- har ansvaret for sekretærfunksjonen
- koordinerer det administrative og saksførebuaende arbeidet
- koordinerer i samarbeid med dei andre fylkeskommunane arbeidet med prosjekt som er sett i gang av Vestlandsrådet
- har arkivansvar

§ 7 Møter i Vestlandsrådet

Det vert normalt halde minst tre møte i året. Møta skal så langt råd er fordelast på dei tre samarbeidande fylka. Når AU finn det tenleg, kan eit møte leggst til andre stader.

Leiaren i rådet kallar inn til møte til dei tidspunkt rådet eller AU sjølv har fastsett.

Elles vert møte halde når leiaren eller minst $\frac{1}{4}$ av medlemene i rådet krev det.

Leiaren set opp sakliste for det einskilde møtet. Saklista og andre dokument skal vera tilgjengeleg får ålmenta, med mindre dei er unnateke offentleggjering.

Innkalling med link til sakliste og saksdokument skal som hovudregel sendast rådsmedlemene minst ei veke før møtet.

Møta i rådet er opne, om ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt eller andre reglar gjevne i eller i medhald av lov.

Rådet gjer vedtak i møte. Det skal førast møtebok over forhandlingane.

§ 8 Økonomi – budsjett - rekneskap

Dei tre fylkeskommunane yter ein like stor sum kvar til drifta av rådet. Storleiken vert handsama på siste møte før budsjettåret. (For 2020, kr 600.000,-)

Eigne driftsutgifter til deltaking i rådet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune.

Leiarskapet i rådet vert dekkja av den fylkeskommunen som har leiarskapen det året.

Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltakande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gjere framlegg om dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkja $\frac{1}{3}$ av desse utgiftene. Budsjettet vert handsama på første møtet i året.

Utgifter til einskildprosjekt vert fordelte i høve til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking.

Rekneskapen vert ført og revidert av den fylkeskommunen som har leiarskapen/ sekretariatet.

§ 9 Endring av samarbeidsavtale

Endringar i denne samarbeidsavtalen som er dekkja av § 18-4, fjerde ledd i kommunelova må vedtakast av fylkestinga i alle dei deltakande fylkeskommunane. Vestlandsrådet skal uttala seg på førehand.

Andre endringar kan vedtas av rådet sjølv med $\frac{2}{3}$ fleirtal, jfr § 18-4, tredje ledd.

§ 10 Oppseiing/opphør av samarbeidet

Fylkestinget i eitt av dei samarbeidande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 – eitt års oppseiingsfrist før neste kommuneval.

Vestlandsrådet er å sjå på som oppløyst når minst to av dei tre samarbeidande fylka har trekt seg ut.